

Møtereferat

Møte: Møte AU Midt
Tid/Sted: Måndag 11.03.19 kl 16 – kl 20 på Quality Airport Hotel Værnes, Stjørdal
Tilstede: Lars Morten Rosmo, Ragnar Valstad, Trude Sandstad Eldnes, Kolbjørn Frøseth, Johan Kristian Daling, Bård Tore Berntsen, Sverre Tyldum, Olav Håkon Ulfnes, Roy Albertsen og Silje Laugsand Pynten
Forfall:
Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 11.03.2019

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Oppsummering frå kretsmøta, og saker for vidare oppfølging Brit Kari gjekk gjennom oppsummeringa, og oppfølgingsrapporten vart vist. Vedtak: AU tek orienteringa til orientering	
2	Førebuing av RU-møtet Lars Morten gjekk gjennom køyreplanen og tidsskjema og opplegg vart drøfta. Innkomne saker til open post som det vert orientert om i RU-møtet: <ul style="list-style-type: none">• Nødslaktordninga frå krets 31 Ytre Namdal• Angusavtalen frå krets 31 Ytre Namdal• Lokalitet RU-møtet og kostnad NOVA frå krets 53 Hustadvika Vedtak: AU tek orienteringa til orientering	
3	Orientering om tilførselsarbeidet i Råvare og Medlem region Midt Arbeidet med inntransport: Det vart tatt ei runde i AU på prosessen som er gjennomført. Lars Morten orienterer RU om arbeidet som AU har gjort. Konklusjon: AU kan ikkje sjå at det er gjort feil frå Nortura si side. Forslag til vedtak i RU: AU vil be kontrollkomitéen vurdere vår gjennomgang av saka og sjå om det er grunn for å gå djupare inn i temaet. Roy orienterte om tre modellar for inntransport som konsernleiinga har vedtatt, og som skal leggst fram for vedtak til styret. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">• 1 % tap av tilførsler er truleg for lågt anslag. Viktig korleis dette vert kommunisert til eigarane.• Hadde vore ynskjeleg med like avtalar over heile landet, for å unngå ulik praksis. Roy orienterte om ei foranalyse på nødslakt, som gjeld leveringsvilkåra for nødslakt. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">• Kvifor ligg Vestlandet på eit anna kostnadsnivå?• På eit tidspunkt vil det løne seg å heller avlive enn å nødslakte.	

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering

4 Orientering om Nortura Steinkjer/industristruktur

Lars Morten orienterte om gruppa med Steinkjer sin ordfører i spissen som har jobba for Steinkjersanlegget. Gruppe som skal vurdere industristruktur i Nortura er i gang med arbeidet sitt. Strategi for å gjere det mest mogeleg aktuelt å investere i anlegga i Midt-Norge, m.a. med prosjektet på regional kjøtproduksjon. Fabrikksjef Steinkjer har nyleg sagt opp.

Sverre orienterte frå kjøtprosjektet, der kam av svin vert jobba med. Produserast på Vilteksperten. Coop har vist interesse for produktet.

Roy orienterte om at det er vedtatt at kjøtdeigproduksjon er vedtatt flytta frå Egersund til Malvik.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering

5 Førebuing av saker til årsmøtet 9. – 10. april

Det vert årsmøtestart 09.04 med lunsj kl 11.30. Møte før årsmøtet kl 10 – kl 11.30?

Innspel:

- Valet vart drøfta.

Vedtak: AU ynskjer møte før årsmøtet kl 10 – kl 11.30 tysdag 09.04.

6 Oppsummering etter fylkesårsmøter i Bondelag og Småbrukarlag

- 01. – 02.02: Felles årsmøte Sør- og Nord-Trøndelag Bonde- og Småbrukarlag v/Ragnar: Interessant årsmøte og føredragshaldarar.
- 08. – 09.03: Møre og Romsdal Bondelag og Bonde- og Småbrukarlaget sine årsmøter v/Olav Håkon: Hovudtema marknadsregulering i Bondelaget og klima i Småbrukarlaget.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering

7 Eventuelt